



Skaff deg informasjon om:

- Kor ofte ein bør ta prøvar av vatnet
- Korleis ein tek vassprøvar
- Når på året bør ein ta vassprøvar
- Kva ein analyserer (parametrar)
- Kvar ein sender vassprøvene
- Korleis ein driv, kontrollerer og held anlegget ved like



Viktig å tenkje på:

- Private drikkevasskjelder er ansvarert til huseigaren!
- Alt drikkevatt skal ha god kvalitet!
- Hugs avstand til avløpsanlegg, beitedyr og jordbruk!
- Vedlikehald og kontroll er viktig!
- Det finst fleire ulike løysingar!
- Alle anlegg må alltid vere forsvarleg sikra!

Aktuelle nettsider for informasjon

- www.grunnvann.no
Informasjon om brønner til drikkevatt
- www.fhi.no
Brosjyren Drikkevatt i spreidd busetnad og på hytter

For råd og rettleiing bør du ta kontakt med eit konsulentfirma som jobbar med drikkevatt. Du kan òg ta kontakt med kommunen du bur i, eller det lokale mattilsynet.




Tysvær kommune
Rådhusvegen 9, Pb. 94
5575 AKSDAL
Telefon: 52 75 70 00
post@tysver.kommune.no
www.tysver.kommune.no

Har du eigen BRØNN?

Informasjon om private drikkevasskjelder

Ca. 12% av husstandane i Noreg får vatnet sitt frå eiga vassforsyning

- Overflatevatn (frå innsjø, elv, bekk)
- Grunnvatn (frå fjell, lausmassar, oppkomme)
- Sisterne (takvatn eller tilkøyrt vatn)



Som brønneigar kan du i stor grad påverke kvaliteten på ditt eige drikkevatt!

Problemstilling	Mogleg påverknad	Løysingar
Brønn i eller ved dyrka mark/åker eller beiteområde.	Mikroorganismar (smittestoff), organiske stoff, kjemikalier og næringsstoff (fosfor og nitrogen).	Minske bruken av sprøytemiddel, gjødsle mindre, vurdere flytting av brønnen, gjerde inn området rundt brønnen.
Brønn nær avløpsanlegg.	Mikroorganismar (smittestoff), organiske stoff og næringsstoff.	Ta kontakt med kommunen om status på avløpsanlegget – ditt eige eller naboen sitt.
Feil og manglar ved etablering eller dårleg vedlikehald.	Forureina overflatevatn trengjer inn. Slam og vekst av mikroorganismar. Forkorta levetid på pumpe og installasjonar.	Varierer frå brønn til brønn. Nokre døme: Setje opp skilt og gjerde, tette brønntoppen, kontrollere rørgjennomføringar mellom kumringar og mellom foringsrøyr og fjell, lage fall i terrenget vekk frå vasskjelda, hindre attgroing, reingjere og byte silar og filter.
Usikra/øydelagde lokk.	Overflatevatn renn inn. Fare for ulykker!	Syte for at lokket er tett.
Problem med bruken som følgje av høgt innhald av mineral (jern, mangan, klorid, hydrogensulfid, kalsium, magnesium).	Vond lukt eller smak. Utfelling eller korrosjon i armaturar og brønninstallasjon. Hardt vatn. Skade på elektrisk utstyr.	Ta ein kjemisk analyse av vatnet. Luft vatnet. Behandle vatnet etter resultatet av analysen.
Helserisiko som følgje av høgt innhald av mineral (radon, fluor, arsen).	Radongass siv ut i innelufta. Høgt innhald av fluor kan skade tennene når dei veks.	Lufting av vatnet før det vert ført inn i bustaden. Behandling av det vatnet som skal drikkast.